
Fra: Tonje Nepstad Epland
Sendt: tirsdag 1. mai 2018 00.27
Til: 'chkrokli@gmail.com'
Emne: Byggesak gbnr 84/29 Haukeland søndre - diverse tiltak - melding om synfaring

Hei

Dykkar søknad om dispensasjon vert handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte onsdag 02.05.18.

Hovudutvalet vil gjennomføre synfaring på dykkar eigedom i forkant av møtet. Tidspunkt for synfaringa er onsdag 02.05.18 ca. kl 09.15.

Dykk har høve til å ta del i synfaringa og til å presentere dykkar sak for politikarane om dykk ynskjer. Politikarane skal synfare eigedomen og ikkje bygningane, og det er difor ikkje eit krav at dykk tek del i synfaringa.

Møtet som vert halde på rådhuset etter synfaringa er ope for publikum, men her har dykk ikkje talerett.

Saksdokument for saka er tilgjengeleg på www.radoy.kommune.no under Politikk.

Kommunen ber om stadfesting på at denne e-posten er mottatt, og om dykk vil ta del i synfaringa.

Helsing

Tonje Nepstad Epland
Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 50

E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no

